

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato 07.06.22:

Stad: Fjordsenteret

Sak 24/22. Søknad frå eit utanbygds fiskelag om dispensasjon frå fiskereglar i statsallmenningen

### Saksopplysning:

Det har kome inn ein søknad frå 2 hytteeigarar på Østerbø, om å få fiska med garn i vatna i Aurland statsallmenning.

### Vurdering:

Søkjjar fekk i fjor løyve på desse vilkåra:

*Aurland fjellstyre har i sak 18/21 opna for å lata fiskelaget til **Frode Bergheim , Ronald Herfindal og Lars Nødtveit** få fiska med garn i Nyhellermagasinet, Katlamagasinet og Langavatnet/ Adamsvatnet. Det skal fiskast omtrent like mange garnnetter i Nyhelleren som Langavatnet/ Adamsvatnet event. Katlamagasinet.*

Når garnfiskerapporten kom inn att hadde dei berre fiska i Nyhellermagasinet.

Grunnen til at me har opna for garnfiske for utanbygdsbuande er at me ynskjer meir fiske i ein del vatn i statsallmenningen fordi me ser at det vert for lite fiska. Dette har fungert greit med andre fiskelag som har fått dispensasjon, det har vorte teke opp mykje fisk, spesielt i Vesterdalsvatnet.

For å fylgja opp avtalen frå i fjor kan me i år gje dei løyve til å fiska i Langavatnet/ Adamsvatnet for å retta dette opp. I tillegg kan dei fiska så mykje dei vil ved å løysa garnkort for utanbygdsbuande i Vesterdalsvatnet, Katlavatnet og Vetlebotvatnet.

### Forslag til vedtak:

Fiskelaget til Lars Nødtvedt og Ronald Herfindal får dispensasjon frå fiskereglane i Aurland statsallmenning til å fiska med inntil 10 garn i Langavatnet/ Adamsvatnet sesongen 2022.

### Vedlegg:

- Søknad om løyve til å fiske med garn i vatna i Aurland statsallmenning.
- Fiskelagskontrakt 2021

Aurland 3. juni 2022

Håkon Øydvin  
Fjelloppsyn Aurland fjellstyre

Aurland 19.4.2020.

Søkker med dette om løyve å fiska  
med garn i vatna i statsalmueningen  
i Aurland kommune.

Søkker om løyve å fiska med kilsamane  
10 garn. for sesongen 2022.

Søkjara er Lars Nødtvedt

Telefon 959 96300, mail: [lnodt@broadpark.no](mailto:lnodt@broadpark.no)  
(LNODT)

og Ronald Herfindal

Telefon 46880909

Me har begge i li hyttebelt. Østerbø.

Lars Nødtvedt?

Ronald Herfindal

## Fiskelagkontrakt

Aurland fjellstyre har i sak 18/21 opna for å lata fiskelaget til **Frode Bergheim , Roar Herfindal og Lars Nødtveit** få fiska med garn i Nyhellermagsinet, Katlamagasinet og Langavatnet/ Adamsvatnet.

Det skal fiskast omtrent like mange garnnetter i Nyhelleren som Langavatnet/ Adamsvatnet event. Katlamagasinet. Kontakt Aurland fjellstyre for eigna garn til tynningsfiske.

For dette skal det løysast garnkort til same prisen som innanbygdsbuande 550.- for 5 garn, for kvar fiskar i fiskelaget.

Ein må desinfisera garn og båtar som har vore i bruk i andre kommunar for å unngå overføring av smittsame sjukdomar.

Etter sesongslutt må ein senda fangstrapport til [aurland@fjellstyrene.no](mailto:aurland@fjellstyrene.no) der skal det registrerast etter tabellen på garnfiskekortet. Hugs og att garna skal merkast med namn til fiskar i blåse eller landmerke.

Ved utsetting av båtar må ein ikkje stenga nedkøyrslar for andre fiskarar, hald hundar i band og tenk sporlaus ferdsel.

Aurland 24. juni 2021

Håkon Øydvin

Frode Bergheim